Marknadsføring

Individuell oppgåve

Oppgåve 1: Skriv rett fagord til rett forklaring.

reklame	segment	trend
influenser	merkevare	marknadsføring
produkt	forbrukar	innovasjon

1. _____ er når du lagar eller forbetrar eit produkt eller ei teneste som nokon treng.
2. _____ handlar om å planleggje og gjennomføre aktivitetar som fremjar sal av varer og tenester.
3. _____ for eit produkt er den synlege delen ved marknadsføringa, som til dømes film, bilete, tekst og lyd.
4. Ei _____ er både sjølve produktet og dei assosiasjonane, oppfatningane og kjenslene som forbrukarane knyter til merkevara.
5. Eit _____ er ei fellesnemning for ei vare, ei teneste eller ein idé.

6. Ein _____ er ei utvikling eller retning som nokon følgjer over ei viss tid, og kan til dømes vere innanfor mote, teknologi eller samfunnsutvikling.
7. Eit _____ er ei gruppe kjøparar som har visse fellestrekk som alder, utdanning og interesser, til dømes forretningsfolk i alderen 30-50 år som ofte reiser i jobbsamanheng.
8. Ein _____ er ein person som kjøper varer eller tenester til personleg bruk.
9. _____ er ein person som påverkar folk og som tener pengar på å marknadsføre ulike produkt i sosiale medium.

Oppgåve 2: Set strek mellom rett fagord og bilete.




trend



sosiale medium



marknadskampanje



merkevare



marknadsstrategi



registrert varemerke



marknadsføringskanal



influenser

Oppgåve 2: Skriv forklaringa.

a) Finn fagordet «marknadsføring».
Skriv forklaringa.



b) Finn fagordet «innovasjon».
Skriv forklaringa.



c) Finn fagordet «handlingsplan».
Skriv forklaringa.



d) Finn fagordet «produkt».
Skriv forklaringa.



e) Finn eit fagord du ikkje kan frå før.
Skriv forklaringa.

Oppgåve 4: Skriv ein tekst.

- Du skal skrive ein tekst på 150-300 ord.
- Du skal bruke 10 fagord eller fleire.
- Vel oppgåve a) eller b).

a) Du jobbar for eit skomerke som har funne opp ein heilt ny og kul treningssko. Korleis vil du leggje ein plan for å reklamere for skoen, gjere merket dykkar kjent, og sjekke om salet gjekk bra?

Døme på fagord som du kan bruke:
innovasjon, marknadsføring, reklame, marknadsplan, omdøme / rykte, situasjonsanalyse / SWOT-analyse, marknadsmål, marknadsstrategi, målgruppe, konkurransemidla / dei 5 P-ane, handlingsplan



Du kan òg bruke andre viktige fagord frå KLAR app: , oppfølging av marknadsplanen, merkevare, registrert varemerke, marknadskampanje, influenser, influencer-marknadsføring

b) Du jobbar for ein klesbutikk som vil lage klede som ungdommar faktisk vil ha. Korleis vil du undersøkje kva som er på moten akkurat no, og korleis vil du bruke TikTok, Instagram og kjendisar for å få folk til å kjøpe kleda?

Døme på fagord som du kan bruke: produkt, trend, trendanalyse, marknadsundersøking, marknadsorientert bedrift, marknadsaktivitet, segment, marknadssegmentering, forbrukar, forbrukaratferd, marknadsføringskanal, sosiale medium / SoMe, AIDAS-modellen